



Reglement for klesgodtgjersle

1. Generelt

1.1 Bakgrunn

Ordninga omtala her er med bakgrunn i [særavtale inngått den 18. oktober 2022](#), med heimel i SGS 1002 om klesgodtgjersle for tilsette i Sunnfjord kommune. Ordninga gjeld frå 1.5.2021 og erstattar alle tidlegare ordningar:

1.2 Grunnlag

I utgangspunktet skal arbeidstakar få utlevert arbeidskle etter behov. Behovet vert avgjort av partane lokalt gjennom denne lokale særavtalen.

Særavtalen gjeld for tilsette i einingar der det vert stilt krav til tilsette om å ha spesielle arbeidskle på grunn av hygiene (helse, omsorg) eller spesielle arbeidsoppgåver (teknisk) og for tilsette i einingar som har arbeidsoppgåver av ein slik art at det er behov for eigne arbeidskle på grunn av stor slitasje (barnehage, skule).

I Sunnfjord kommune er det fire kategoriar:

1. Den tilsette får utlevert arbeidskle og kommunen syt for vask av arbeidskleda.
2. Den tilsette får utlevert arbeidskle, men får klesgodtgjersle for kjøp av sko. Kommunen syt for vask av arbeidskleda.
3. Den tilsette har hovudsakleg innarbeid. Den tilsette får klesgodtgjersle og syt for å skaffe seg naudsynte arbeidskle og vaskar arbeidskleda sine sjølv.
4. Den tilsette har arbeid som inneber mykje utarbeid gjennom heile året. Den tilsette får klesgodtgjersle og syt for å skaffe seg naudsynte arbeidskle og vaskar arbeidskleda sine sjølv.

2. Reglar for klesgodtgjersle

Ordninga med klesgodtgjersle gjeld for arbeidstakarar som er omfatta HTA kap 1 §1.1.

Satsane for klesgodtgjersle gjeld i 100 % stilling og utbetalt beløp vert justert i samsvar med arbeidstakaren sin faktiske stillingsprosent. Døme: 50% stilling = 50% av beløpet.

Beløpet vert ubetalt som ei månadleg godtgjering som utgjer årsløpet dividert med 12.

Når grunnlaget for klesgodtgjersle fell vekk, opphøyrer utbetalinga frå den datoen endringa fann stad. Dersom arbeidstakarar går ut i permisjon som medfører at vedkommande fysisk ikkje arbeider i stillinga si, så opphøyrer ordninga ved permisjonen sin startdato. Dette omfattar ikkje tilsette i svangerskapspermisjon/tilsvarande.



3. Ordningar og satsar for godtgjersle

Det vert utbetalt følgjande godtgjersle/sats basert på følgjande ordning til følgjande einingar/tilsette med verknad frå 1. mai 2022: :

- **Godtgjersle nr 1:** Den tilsette kjøper klede sjølv (gjeld skule)
 - 1a: Kr 576: Særskild klede i einskilde fag/klasse-trinn i skule
 - 1b: kr 1454: Særskilde klede i einskilde fag/klasse-trinn i skule
 - 1c: kr 2775: Særskilde klede i einskilde fag/klasse-trinn i skule

- **Godtgjersle nr 2:** Den tilsette kjøpe arbeidssko sjølv
 - 2a: Kr 963
 - 2b: Kr 1545

- **Godtgjersle nr 3:** Den tilsette kjøpe sjølv arbeidskle og sko, hovudsakleg for innebruk og kortare opphald utandørs (td ytterjakke for bruk ved transport)
 - Kr 1701

- **Godtgjersle nr 4:** Den tilsette kjøper sjølv arbeidskle og sko. Den tilsette må ha arbeidskle og sko for uteaktivitet i all slags vær og heile året.
 - Kr 2775

Satsane skal justerast for konsumprisindeks for klede og sko frå 1. mai den eine året til 30. april året etter.

Godtgjersle nr	Sektor	Eining/tilsette	Sats klesgodtgjersle (kr per år, 100 % st.)
1a	Skule	Lærarar 3. – 10. klasse-trinn. 40 % undervisning eller meir i kunst og handverk, mat & helse og arbeidslivsfag	Kr 576
1b	Skule	Lærarar 3. – 10. klasse-trinn. 40 % undervisning eller meir i kroppsøving. 10 – 40 % undervisning får forholdsmessig.	Kr 1454
1c	Skule	Lærarar 1. og 2. klasse-trinn. 40 % undervisning eller meir 10 – 40 % undervisning får forholdsmessig	Kr 2775
2a	Helse og sosia	Tilsette ved: <ul style="list-style-type: none">- Legetenesta- Helsestasjon	Kr 963
2b	Omsorg Teknisk og miljø	Tilsette ved: <ul style="list-style-type: none">- Kjøkkentenesta- Reinhold og vaskeri ⁽¹⁾- Omsorgsentra	Kr 1545



Godtgjersle nr	Sektor	Eining/tilsette	Sats klesgodtgjersle (kr per år, 100 % st.)
3	Helse og sosial Omsorg	Tilsette ved: <ul style="list-style-type: none">- Fysio- og ergoterapitenesta ⁽²⁾- Aktivitetseininga- Psykisk helse og rus- Butiltak psykisk helse- Heimetenestene- Bu- og miljøtenestene (alle)- Bemanningseininga ⁽³⁾	Kr 1701
4	Barnehage	Tilsette ved: <ul style="list-style-type: none">- Barnehagane- Bu- og avlastingstenesta	Kr 2775
4	Skule	Assistentar/fagarbeidarar/ tilsvarande i skule og SFO.	Kr 2775

Merknad:

- 1) Kjøper sko inntil kr 1545 på rekvisisjon.
- 2) Vaktmeister Fysio- og ergoterapitenesta skal inn under kategori 1 tilsvarande andre vaktmestere.
- 3) Bemanningseininga – følgjer satsane i den eininga dei utgangspunkt verta nytta/innmeldt.